


Torfinn Myklebust spør om Kystriksvegen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Torsdag vil Torfinn Myklebust (Innbyggjarpartiet) stilla spørsmål i formannskapet til ordføraren om Kystriksvegen og han vil mellom anna veta kva ho meiner om diskusjonen som no er i gang.

Han spør kva ho meiner skal gjerast i forpostfektinga om vegsambanda og om ho vil ta initiativ til politisk drøfting om denne viktige samferdslesaka i formannskapet og kommunestyret i vinter eller vår.



Myklebust tek utgangspunkt i at diskusjonen om Europaveg 39 har blussa opp både i politiske organ og i pressa, mellom anna i fylkestinget før jul. Denne drøftinga må ikkje Kvinnherad kommune stilla seg likegyldig til, men seia klart i frå kva løysing kommunen ønskjer i dette ferjefri sambandet langs kysten - Hordfast. Det kan også vera greitt å gjera det klart for andre kommunar og oss sjølv korleis vi ønskjer tilknytning til denne vegen, held uskedelingen fram.

Han peikar på at enkelte politikarar i andre kommunar arbeider for å få vegen over vestsida av Tysnes og gjerne over Austevoll eller til sørsida av Os.

Myklebust spør om dei skal få styra diskusjonen og om vi skal 'lita på' alle nabokommunane våre.

Han skriv at når Halsnøytunnelen er betalt, har enkelte tankar om at vegen over Halsnøy til Ranavik/Klosterneset til Stord framleis skal vera tilknytningsveg vestover mot Europariksveg 39.

Derimot meiner andre, mellom andre Arbeidarpartiets Harry Herstad, at ein no må tenkja meir framtidsretta og arbeida for tilknytning vestover frå Husnes/Sundeområdet til Huglo/Laukhamar og så mot Europaveg 39 på austsida av Tysnes, over Luksund, om Fusa og så over Samnangerfjorden mot Bergen. Før bru over Langenuen (Tysnesbrua) kjem, kan Sunde-Jektevik brukast, meiner Torfinn Myklebust.

Av Ola Matti Mathisen